



Regionalt Nettverk av ungdomsarbeidarar i Sogn

Kommunane , Aurland, Lærdal, Årdal, Sogndal, Luster, Leikanger, Vik og Balestrand

Aktivitetsplan 2013-2014

Innleiing:

Overordna mål med nettverksarbeidet (jf. mandat vedteken i Sogn Regionråd 25.11.2005):

- Erfaringsutveksling og kompetanseheving blant ungdomsarbeidarar.
- Nettverket skal spesielt arbeide for å styrke kommunane sit førebyggjande arbeid.
- Nettverket skal vere prosjektgruppe i utvalde prosjekt.

Hovudaktivitetar i planperioden 2013-2014:

- Arrangere årlege samlingar for dei som arbeider med born og unge i kommunane
- Halde fokus på hybellivet/pendling
- Erfaringsutveksling i mellom medlemmar i nettverket.

Alle kommunane er ansvarleg for at aktivitetsplan blir prioriter i sin kommune.

Planinnhald:

1. Møte og kurs i Nettverket

Det skal vere minst 4 møte i året. Kommunane i Nettverket dekkjer reise og opphald ved ordinære møte.

Ved særskilde møte og eksterne kurs og samlingar vert utgiftene dekkja over Nettverket sitt budsjett.

Ved kvart møte skal det setjast av ein bolk til erfaringsutveksling.

Kommunane informerer kvarandre om relevante kurs/samlingar/konferansar for medlemmane i Nettverket.

Ein av kommunane i Nettverket har sekretariatsfunksjonen og er ansvarleg for gjennomføring av møta. Kostnadene til sekretariatsfunksjonen vert dekkja av vedkommande kommune.

Møteplan for 2013 ;

møte	Kor	Tid	Tema for møte
1	Sogndal	24. januar Kl 10 00 – 13 00	Arbeide med planen for gruppa
2	Aurland	30. mai Heile dagen	Planlegging av samlinga som me skal arrangere i haust
3	Blir bestemt på møte i Aurland	september	Korleis få ungdom meir engasjert i sin eigen kvardag og fritid
4	Sogndal	November/desember	Invitera miljøarbeidarar og helsesyster frå dei vidaregåande skulane, til samtalar rundt tema fokus på hybellivet/ pendling

2. Samling for ungdomsarbeidarar/klubbarbeidarar

Nettverket planlegg og gjennomfører ei årleg samling.

Nettverkskommunane kjem med innspel til aktuelle tema på samlinga.

Samlinga skjer om hausten. Kvar kommune syter for at

ungdomsarbeidarane/klubbarbeidarane vert informert om samlinga.

Samlinga skal ha ein aktuell kursdel. Nettverket avgjer kvart år om korleis me skal gjennomføra samlinga.

Nettverket vil i denne perioden jobba med tema ; viktig å *utfordre ungdommen sjølv til å engasjere seg*. Få ungdom til og engasjer seg i si eiga fritid. Korleis få dei meir inn i planlegginga og utføring av arrangement. Korleis skal me som vokse tilrettelegge dette ?

3. Fokus på hybellivet/pendling

Samarbeid om aktivitetar i vertskommunar (Årdal, Sogndal og ev. Aurland, Balestrand og Luster). Nettverket må fokusere på korleis få hybelungdom til å trivast betre og kjenne seg trygge i vertskommunane og i heimkommunane. Få fram ønskjer, behov etc. som kan bidra til trivsel i hybellivet.

Innspel

- Målsetjing må vere å få til pendling meir enn å bu på hybel.
- Alle kommunane i Nettverket er ansvarlege for å fokusere på denne saka.
- Samarbeida med miljøarbeidarar og helsesyster på dei vidaregåandeskulane